
Fra: Laila Bjørge
Sendt: 27. november 2020 15:22
Til: 'Bjarte Vaktskjold'
Emne: SV: Driveplikt Radøyvegen 974, 4631-471/2

Hei

Ei lita oppdatering så langt.

Me sendte brev med orientering om driveplikt og ba om skriftleg tilbakemelding på korleis denne var i vareteke. Det har me fått, og som oppfølging ba me om synfaring.

Førre veke var eg og Maya Rise på synfaring, og me gjekk over ein del av areala saman med eigar. Han fekk samstundes meir informasjon om driveplikta, og det er vart laga eit referat frå synfaringa som han har fått tilsendt.

Han ynskjer å stella eigedomen betre enn han har gjort, og er innforstått med at dette inneber at arealet må haustast. Han ynskjer i utgangspunktet ikkje å leiga vekk. Delar av eigedomen var slått med ryddesag, og såg velstelt ut.

Konklusjonen frå synfaringa var at han får sjansen neste vekstsesong til å visa at han steller garden slik den bør. Me vil følgja opp med ny synfaring til sommaren att.

Årsaka til at slike saker tek tid er at kommunen må bevisa at brot på driveplikta er vesentleg, det er vanskelegare enn det burde vera.

Dette til orientering

Laila Bjørge | landbruksrådgjevar

Telefon: 56 171185 mob 95735405

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Fra: Bjarte Vaktskjold [<mailto:bvaktskjold@gmail.com>]

Sendt: 3. juli 2020 09:18

Til: Laila Bjørge

Kopi: Kjartan Nyhammer

Emne: Driveplikt Radøyvegen 974, 4631-471/2

Hei

Viser til samtaler angående drift av denne eiendommen.

Noverande eigar overtok eigedommen i 2009. Jordbruksproduksjonar i nabolaget har gjort ulike henvendelsar for å legga til rette for å oppfylla grunneigaren sidriveplikt jamfør Jordlova §8. Grunneigaren har hatt eit tydelig ønske om økologisk drift og å kontrollera beitebruk og hausting. Desse ønskja har han fått innfridd under forutsetning av ei viss grad av forutsigbarhet og at forspørslar blir besvart fortløpande. Det har vist seg svært vanskelig å oppretthalda denne kommunikasjonen og i fjar vart berre ein liten del av innmarksbeite nytta resten av jorda stod urørt. I løpet av dei 11 åra grunneigaren har hatt driveplikt, er mitt anslag at potensialet for å nytta areala til matproduksjon er tatt ut med ca 10%. 18.06.2019 la eg fram 10års avtale med utgangspunkt i Jordlovas krav og grunneigar sine føresetnader om økologisk drift. Framlegg til avtale er ikkje besvart.

Jordlova er klar i forhold til driveplikt, det er eigar sitt ansvar. Brudd på driveplikt er etter mitt syn eit aukande problem og kan vera vanskeleg å handtera dersom et ikkje er jordbruksproduksjonar i nærområdet som vil ta på seg å driva jorda dersom grunneigar ikkje sjølv opprettheldt driveplikta. I dette tilfellet ligg alt til rette for at driveplikta kan oppfyllast, dersom grunneigar tillet det. Det betyr etter mitt syn at landbruksmyndigheten bør ta i bruk sanksjonsmulighet for å setja press på grunneigar i denne sak og for å gje allmennpredictiv effekt. Etter det eg kjenner til har landbruksmyndigheten tidlegare henvendt seg til grunneigar, og vegen bør soleis vera kort for å ta i bruk verkemiddel som sikrar at intensjonen i jordlova vert møtt ved at jorda vert nytta til matproduksjon.

Har lagt ved framlagt avtale.

Helsingar
Bjarte Vaktskjold